



NVE

STATKRAFT ENERGI AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Vår dato: 15.06.2026

Vår ref.: 202221800-11 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE vurderer samanslåing, rehabilitering og utviding av Smørklepp I - og Smørklepp II kraftverk i Vinje kommune, Telemark fylke, som konsesjonspliktig

Samla sett vurderer NVE at ei samanslåing av Smørklepp I- og Smørklepp II kraftverk, med ei auke i slukeevna, kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for nokre allmenne interesser i vassdraget, og dermed er konsesjonspliktig. Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Energidepartementet av 1. september 2025, vedtek NVE at tiltaket treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Bakgrunn

NVE har fått ein førespurnad frå Statkraft Energi AS, datert 31.10.2022 om å vurdere konsesjonsplikt for samanslåing, rehabilitering og utviding av Smørklepp I - og Smørklepp II kraftverk. NVE skal på bakgrunn av framlagde opplysningar avgjere om utbygginga medfører skadar eller ulemper for allmenne interesser i ei slik grad at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Eksisterande vasskraftanlegg og konsesjon

Kraftverka er lokalisert til Austerhusfossen i Smørkleppåi som er en del av Skiensvassdraget. Smørkleppåi renn mellom Grungevatn i vest og med utløp i Vinjevatn i aust. Smørklepp I kraftverk vart sett i drift i 1982 og nyttar eit fall på 10 meter med ein Francisturbin som yter 122 kW. I 1986 vart kraftverket utvida med ein Kaplanturbin som yter 200 kW. Kraftverket har ein samla installert effekt på 322 kW og ei årleg middelproduksjon på 2,2 GWh. Smørklepp II kraftverk vart etablert i 1999 og nyttar vatnet direkte frå utløpskanalen til Smørklepp I kraftverk og ei fallhøgde på 9 meter. Kraftverket har installert effekt på 315 kW og ei årleg middelproduksjon på 1,9 GWh.

Statkraft har ingen konsesjon etter vassdragslovgivinga for Smørklepp I- og Smørklepp II kraftverk, og anlegga blir derfor rekna som konsesjonslause.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltaket

Statkraft opplyser at det er behov for rehabilitering av Smørklepp I kraftverk. Grunna driftsproblem for kraftverket har verken Smørklepp I- eller Smørklepp II kraftverk vore i drift sidan 2020. For å forenkle drifta og auke produksjonen ynskjer dei å slå saman dei to kraftverka til eit kraftverk som utnyttar heile fallet, og å auka slukeevna frå 4,3 m³/s til 12,0 m³/s. Nye Smørklepp kraftverk vil få ein installert effekt på 1,95 MW og ein middelproduksjon på 9,0 GWh/år.

Tabell 1. Utdrag av hovuddata for dei eksisterande kraftverka og for nye Smørklepp kraftverk:

Kraftverk		Smørklepp I	Smørklepp II	nye Smørklepp
Inntak (HRV)	moh.	501,2	489,7	501,2
Avløp	moh.	491,2	480,7	480,7
Lengde på råka elvestrekning	m	600	600	600
Brutto fallhøgde	m	10	9	20,5
Slukeevne, maks	l/s	4300	4300	12000
Slukeevne, min	l/s	-	-	1200
Minstevassføring, sommar	l/s	-	-	500
Minstevassføring, vinter	l/s	-	-	500
Tilløpsrør, diameter	mm	2 x 1100	1600	2200
Tilløpsrør/lengde	m	118	172	330
Installert effekt, maks	MW	0,322	0,315	1,95
Brukstid	timer	6832	6031	5026

Produksjon

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,2	1,1	4,2
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	1,0	0,8	4,8
Produksjon, årleg middel	GWh	2,2	1,9	9,0

Ved utviding av kraftverket er det planlagt å byggje ein betongkonstruksjon nedstraums eksisterande dam/inntakskonstruksjon. Det blir opplyst at inntak og flaumvern på vestsida vil bli bygd slik at dimensjonerande flaumar (Q200) ikkje vil føre til overfløyming. Eksisterande røyr i dagen og kanalen vert rivne og erstatta med nedgravne trykkrøyr til tunnelen.

Dagens tre kraftstasjonar, to for Smørklepp I og ein for Smørklepp II, vil bli rivne. Det vil bli bygd ein ny kraftstasjon med et grunnareal på 120 m² i området der Smørklepp II kraftverk står i dag, slik at tunnel og avløpskanal kan bli gjenbruka. Statkraft eiger området og eksisterande tilkomstveg og luftspenn til inntaket vil bli nytta. Tiltaket vil ikkje føre til nye terrenginngrep.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Basert på hydrologiske forhold, produksjonssimuleringar, slukeevne og fallhøgd er det planlagt ein dobbelt-regulert Kaplan-turbin med slukeevne på 12 m³/s og effekt på omlag 2000 kW.

Det vert planlagt for ein luftkjølt generator med yting 1950 kW / 2170 kVA med spenning 6,3 kV, og ein oljeisoleret transformator med spenning 6,3 / 22 kV og yting på omlag 2400 kVA.

I meldinga, utarbeidd av Bystøl AS, er det gjort berekningar over korleis tiltaket er venta å påverke vassuttaket:

	(Q _m = 7,9 m ³ /s)	Smørklepp I+II	Nye Smørklepp
Q _{max}	m ³ /s	4,3	12
Q _{max}	% av Q _m	54%	152%
Vassuttak	mill m ³ /år	122	194
Vassuttak	% av årleg tilsig	49%	78%

Det hydrologiske datagrunnlaget baserer seg på: 1) slepp av minstevassføring frå Hyljelihyl, 2) produksjonsdata og spelflaumdata frå Haukeli kraftverk, og 3) V.M.16.75 Tannsvatn (2002 – 2021). Berekningane viser at tiltaket er forventa å auke vassuttaket frå 49 % til 78 % på ei strekning på 600 meter i Smørkleppåi.

Statkraft opplyser at ved ei utviding vil dagens slepp av minstevassføring på 0,5m³/s heile året bli vidareført, men betre målt og dokumentert.

Høyring

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Planen vart send på avgrensa høyring til Vinje kommune, Statsforvaltaren i Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune med høyringsfrist 04.07.2025.

Ingen av høyringspartane valde å sende inn høyringsfråsegn. Vi meiner likevel at saka er tilstrekkeleg belyst til at vi kan gjere vedtak.

NVE si vurdering av kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget i saka består i hovudsak av forhold Bystøl, på vegne av Statkraft, har beskrive i meldinga om opprusting og utviding av Smørklepp I- og Smørklepp II kraftverk, kjend kunnskap og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort søk i Artskart og Naturbase den 22.04.2026.

NVE meiner at kunnskapsgrunnlaget om verknadene av tiltaket er tilfredsstillande for å vurdere konsesjonsplikt, jf. naturmangfaldlova § 8 og vassressurslova § 23.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si vurdering av tiltaket

I ei konsesjonspliktavurdering skal NVE vurdere om tiltaket kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget. NVE skal i dette tilfellet vurdere om verknadene ved samanslåing, rehabilitering og utviding av Smørklepp I - og II kraftverk vil føre til konsesjonsplikt. Det er berre nye negative verknader ut over den eksisterande situasjonen som skal vurderast, og det er berre skade eller ulempe, altså negative verknader, som er relevante.

Det er verknader i sjølve vasstrengen som skal takast i betraktning. Vassressurslova definerer vassdrag som alt stillestående eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring, med tilhøyrande botn og bredder inntil høgaste vanlege flaumvasstand (10-års flaum). Vassløp utan årsikker vassføring blir også rekna som vassdrag om det tydeleg skil seg frå omgivnadene. Sidevassdrag er også ein del av vassdraget.

Hydrologiske verknader

Statkraft opplyser at vassføringa i Smørkleppåi er bestemt av minstevassføring frå Hyljelihyl ($2\text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren og $0,5\text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren) og produksjonen i Haukeli kraftverk, i tillegg til noko restvassføring. Inntaksmagasinet til Haukeli kraftverk, som ligg oppstraums Smørklepp, er regulert og kraftverket har ei maksimal slukeevne på $2,1\text{ m}^3/\text{s}$. Middelvassføringa ved inntakspunktet i Smørkleppåi er ca. $7,9\text{ m}^3/\text{s}$ og årleg avrenning er 249 mill. m^3 . Øvre delar av det naturlege feltet, i alt 519 km^2 , vert overført til Totak magasinet til Tokke-Vinje kraftverka. Restfeltet med naturleg avrenning er på 128 km^2 med ei middelvassføring på $4,0\text{ m}^3/\text{s}$.

Etter NVE si vurdering vil dei vassdragstilknytte verknadene av opprustinga og utvidinga hovudsakleg vere knytte til redusert overløp nedstraums inntaksdammen i periodar med stor vassføring.

NVE har gjort eigne berekningar for å sjå korleis den planlagde auka i slukeevna vil påverke talet på dagar med overløp:

Situasjon	Tørt år (2010)	Middels år (2018)	Vått år (2024)	Gjennomsnitt (2010-2024)
Dagar med overløp, $4,3\text{ m}^3/\text{s}$	182	171	250	218
Dagar med overløp, $12\text{ m}^3/\text{s}$	28	49	68	44
Reduksjon	154	122	182	174

I utrekninga er det brukt same datagrunnlag som i anmodninga, men for ein noko annan tidsperiode (2010 -2024). Berekningane viser at det er ein betydeleg reduksjon i dagar med overløp alle år, og at reduksjonen i snitt (2010 – 2024) vil medføre 174 fleire dagar med berre minstevassføring og eventuell restvassføring. NVE vurderer ei slukeevne på 152 % som relativt moderat for eit småkraftverk, men legg samstundes vekt på reduksjonen i dagar med overløp i vurderinga av konsesjonsplikt.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Naturmangfald

Det er ikkje registrerte raudlista artar eller naturtypar i tiltaksområdet.

For temaet fisk viser Statkraft til kunnskapsgrunnlaget knytt til vilkårsrevisjonen av Tokke – Vinje reguleringa i 2022. Dei opplyser at Tveitevatn/Grungevatn, oppstraums Smørkleppåi, vart omtala som fiskevatn for aure og ørekyte. Desse går oppstraums frå Tveitevatn for å gyte. Vinjevatn, som Smørkleppåi renn ut i, har bestandar av aure, røye og ørekyte. Statkraft opplyser at Smørkleppåi ikkje vart omtala som viktig for fisk i vassdraget i revisjonsdokumenta. NVE merkjer seg at Smørkleppåi blir omtala som ei elv med eit godt potensial som fiskeelv i revisjonskrava frå Tokke og Vinje kommunar (NVE ref.: 200703195-32). Som største tilløpselv til Vinjevatn meiner vi det er rimeleg å anta at fisk frå Vinjevatn bruker Smørkleppåi til gyting og oppvekstområde.

Med dei omfattande undersøkingane, høyringsinnspela og vurderingane som er gjort i samband med vilkårsrevisjonen, meiner Statkraft at kunnskapsgrunnlaget må seiast å vera godt. Det nye kraftverket vil ikkje påverka vassføringa mellom Grungevatn og Vinjevatn, med unntak av ei strekning på 600 meter som vil få noko redusert vassføring ved store vassføringar. Dei meiner at ei finrist med spalteopning mindre enn 30 mm og slepp av minstevassføring nær denne, truleg vil forbetre situasjonen for eventuell nedvandrande stasjonær fisk frå Grungevatn. Den einaste evakueringsmoglegheita for fisk som kjem ned til ristene i dag, er gjennom turbinane. NVE meiner det er positivt at det er planlagt avbøtande tiltak for å forbetre situasjonen for nedvandrande fisk frå Grungevatn.

Konsekvensane for fisk må etter NVEs syn betraktast som usikre. Vassføringa vil samla sett bli redusert gjennom året på ei 600 meter lang strekning i Smørkleppåi, og ein kan ikkje sjå vekk frå at nedvandring vil bli noko meir utfordrande. Minstevassføringa i Smørkleppåi vil vere den same som i dag, men talet på dagar med berre minstevassføring vil auke betrakteleg. Basert på dagens kunnskapsgrunnlag er det usikkert om denne endringa vil vere til nemneverdig ulempe for fisk, samanlikna med dagens situasjon.

Vassforskrifa

Tiltaket vil få følgjer for vassførekomsten Smørkleppåi inntak – utløp Smørklepp II (016–2990–R). Denne vassførekomsten er sterkt modifisert, og har i dag moderat potensial. Dei viktigaste påverknadene i vassførekomsten er hydrologiske endringar med minstevassføring som følgje av vasskraft (stor påverknadsgrad) og framandarta ørekyte (ukjend grad). Miljømålet godt økologisk potensial (GØP) skal bli nådd i 2027.

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. I ei eventuell konsesjonsbehandling vil NVE vurdere nærare om tilstanden til vassførekomsten kan ringast som følgje av inngrepet, og i så fall om inngrepet oppfyller kriteria i vassforskrifta § 12. Gjennom konsesjonsbehandling kan NVE vurdere mildnande tiltak, og setje vilkår om dette i tråd med vassforskrifta § 12.

NVE sin konklusjon

Samla sett vurderer NVE at ei samanslåing av Smørklepp I– og Smørklepp II kraftverk, med ei auke i slukeevna, kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for nokre allmenne interesser i vassdraget, og dermed er konsesjonspliktig. Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Energidepartementet av 1. september 2025, vedtek NVE at tiltaket treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

For krav til innhald og beskriving av saksgangen i ein konsesjonssøknad viser vi til NVEs nettsider: [Konsesjonsbehandling av vannkraft - NVE](#) og vår [digitale rettleiing](#).

NVEs konklusjon byggjer på dei føreliggjande opplysningane i saka. Dersom planane blir endra, kan NVE vurdere konsesjonsplikt på nytt.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på, sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Brit Torill Haugen
fung. seksjonssjef

Oscar Østvold
fagleiar, ny vasskraft

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS

Kopimottakarliste:

Bystøl AS - Vik i Sogn - Jens A. Melheim
VINJE KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
TELEMAR FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.